



## Notat

Dato: 18.08.2015  
Arkivsak: 2015/2400-12  
Saksbehandlar: knudjuv

---

Til: Samferdselsutvalet  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Kollektivtilbodet i Ullensvang

I møte i samferdselsutvalet den 3. juni 2015 sette representanten **Tom Skauge (Sv)** fram følgjande oversending.

*Kollektivtilbodet i Ullensvang*

*Det er stor uro i regionen for dårligare kollektivtilbod med ferje og buss.*

*Kan Skyss syta for at det er korrespondanse mellom bussrutene på fv. 550 og ekspress-bussane i Odda og Jondal.*

Samferdselstilbodet i Hardanger fekk ein ny dimensjon då Jondalstunnelen blei opna i 2012 og Hardangerbrua i 2013. Som følgje av dei store infrastrukturendringane fekk kollektivtilbodet i Hardanger eit løft i form av omlegging til eit nytt og forbetra rutetilbod i august 2013. Desse ruteendringane gav dei aller fleste reisande eit betre og raskare kollektivtilbod med fleire gjennomgåande regionale hovudaksar. Dette gjeld også Ullensvang Herad.

Dersom korrespondansen mellom bussrutene på fv. 550 og ekspress-bussane i Odda og Jondal skal betrast, er eit alternativ at dagens ruter kan flyttast slik at det blir betre korrespondanse mellom linje 980 (Odda – Utne – Jondal) og linje 930 (Odda – Jondal – Bergen). Konsekvensane av dette vil bli at delar av dagens ruteopplegg på linje 980 ikkje vil få korrespondanse med linje 925 (Voss – Granvin – Norheimsund – Bergen) i Kvanndal. Etter Skyss si vurdering vil dette totalt sett gi eit dårligare tilbod i indre Hardanger, og reisande på vestsida av Sørfjorden er best tente med den løysinga som er i dag.

Vidare kan det settast inn ekstra avgangar på linje 980 (Odda – Utne – Jondal) som gjer det mogeleg med korrespondanse med linje 930 (Odda – Jondal – Bergen). Desse ekstra avgangane må i så fall finansierast anten ved budsjettauke eller ein reduksjon av øvrig tilbod.

I samband med omlegginga av rutetilbodet blei det gjennomført ei forsøksordning i om lag 12 månadar med tilbod om korrespondanse mellom kveldsavgangen på linje 930 (Bergen - Odda) og vidare med drosje

mellan Odda – Utne. Drosjetilbodet Odda – Utne hadde 25 reisande på 326 dagar og dette gav ein uakseptabel høg tilskotsum pr reise.

I ruteplanlegginga vert det lagt opp til å gje eit best mogleg kollektivtilbod til flest mogleg av innbyggjarane i Hordaland innanfor dei økonomiske rammene som er til rådvelde. Det er nødvendig å gjere prioriteringar og fordele ressursane på strekningane der transportbehovet er størst.